



# Innst. 205 S

(2010–2011)

## Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 61 S (2010–2011)

### Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om ekstra utbetaling til mottakarar av bustøtte som hjelp til å dekkje høge energiutgifter

Til Stortinget

#### Sammendrag

Kommunal- og regionaldepartementet gjer i proposisjonen framlegg om å auke løyvinga til bustøtte i 2011 for å dekkje ei ekstra utbetaling til mottakarane. Den ekstra utbetalinga skal vere ei hjelp til å dekkje høge energirekningar for oppvarming av bustaden for dei som har låge inntekter.

I proposisjonen blir det vist til at november månad i store delar av landet blei den kaldaste på mange år, og at sprengkulda heldt fram i desember. Kulda gjorde at forbruket av straum auka, og at prisane steig. Mange vil derfor få høge utgifter til oppvarming av bustaden. Det vil vere ei spesiell utfordring for dei med dårleg økonomi.

Av dei 122 500 husstandane som fekk bustøtte for desember var utgifter til oppvarming med i utrekninga av bustøtta for om lag 74 000 (60 prosent). Om lag 40 prosent av mottakarane av bustøtte får ikkje dekt nokon utgifter til oppvarming av bustaden. Det er i hovudsak mottakarar av sosialhjelp og barnefamiliar, som ikkje tek imot trygd eller pensjon, og som bur i bustader utan felles oppvarming.

I proposisjonen kjem det fram at det er vanskeleg å berekne kor mykje høgare energirekninga vil bli for den einskilde husstand. Det vil kome an på ei rekkje faktorar, og vil variere frå husstand til husstand. Det vil derfor vere vanskeleg å differensiere mottakarane av bustøtte etter kor mykje høgare energiutgifter dei vil få denne vinteren utan ei omfattande og tidkrev-

jande sakshandsaming med høge administrative kostnader.

For å hjelpe mange av dei med svak økonomi som no etter den kalde førvinteren vil få høge utgifter til oppvarming av bustaden, gjer regjeringa framlegg om ei ekstra utbetaling av bustøtte.

For å sikre at mottakarane får hjelp raskt, blir det gjort framlegg om ei ekstra utbetaling til alle husstandar som får bustøtte. Utbetalinga er eins for alle typar husstandar, men store husstandar får noko meir enn dei små. Beløpet er fastsett ut frå eit rimeleg skjøn. Det blir gjort framlegg om ei ekstra utbetaling på kr 2 500 for første medlem, og kr 100 i tillegg for kvart ekstra medlem i husstanden. Til dømes vil då ein barnefamilie på fem få ei ekstra utbetaling på kr 2 900.

Det blir lagt opp til at den ekstra utbetalinga kjem i byrjinga av mars 2011, på same tid som den ordinære utbetalinga av bustøtte frå Husbanken for februar månad.

Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til bustøtte med 318,5 mill. kroner i 2011, frå 3 830 mill. kroner til 4 148,5 mill. kroner, og å auke løyvinga til driftsbudsjettet i Husbanken med 2,0 mill. kroner, frå 320,2 mill. kroner til 322,2 mill. kroner.

#### Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Lise Christoffersen, Roald Aga Haug, Håkon Haugli, Ingalill Olsen og Eirik Sivertsen, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Gjermund Hagesæter og Anne June Iversen, fra Høyre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Heikki Holmås, fra Sen-

terpartiet, Ola Borten Moe, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til forslag fra regjeringen om å øke bevilgningene til bostøtte med inntil 318,5 mill. kroner i forbindelse med ekstraordinært høye strømavgifter i vinter. Komiteen støtter denne bevilgningen, og viser til at en slik økning er et effektivt virkemiddel for å redusere virkningen av uventet høye strømpriser for de som blir hardest rammet. Komiteen støtter også en utbetaling basert på antall medlemmer av husstanden for effektiv utbetaling og lavest mulig administrative kostnader. Komiteen forutsetter at pengene utbetales i begynnelsen av mars, og dermed tidsnok til å kompensere for deler av vinterens høye strømregninger.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti synes det er positivt at regjeringspartiene nå er blitt opptatt av å sikre ekstra bostøtte til stønadsberettigede i perioder med ekstraordinært høye strømpriser. Disse medlemmer viser i denne forbindelse til merknad og forslag fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti i Innst. 2 S (2010–

2011) nasjonalbudsjettet for 2011 og forslaget til statsbudsjett for 2011, om bostøtte i forbindelse med høye strømpriser som ble fremmet og nedstemt av regjeringsflertallet i stortingsmøte torsdag 25. november 2010.

Forslaget som ble nedstemt var følgende:

«Stortinget ber Regjeringen følge utviklingen i strømprisen nøye, og dersom en unormal situasjon oppstår på elektrisitetsmarkedet, bes Regjeringen vurdere å bruke bostøtte for å avhjelpe situasjonen for de mest vanskeligstilte.»

Disse medlemmer synes det positivt at regjeringspartiene nå slutter seg til det som Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti har ment lenge selv om det er vanskelig å se at det er tilkommet noe nytt i denne saken som ikke var kjent allerede da saken ble behandlet i Stortinget den 25. november 2010.

Disse medlemmer håper at regjeringspartiene for fremtiden kan gi seg tid til å studere og vurdere opposisjonens mange gode forslag og ikke automatisk stemme ned alt.

## Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
580		Bustøtte	
	70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 3 830 000 000 til kr 4 148 500 000	318 500 000
2412		Husbanken	
	1	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 320 200 000 til kr 322 200 000	2 000 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 15. februar 2011

**Heikki Holmås**

leder

**Ola Borten Moe**

ordfører